

Forskrift om permisjon frå grunnskoleopplæringa, Ullensvang kommune, Vestland fylke

***Heimel:** Fastsett av kommunestyret i Ullensvang kommune xx.xx.2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2 fjerde ledd.*

§ 1. Føremål

Forskrifta gir informasjon om Ullensvang kommune sine retningslinjer for permisjon frå opplæringa i grunnskulen. Elevane har rett og plikt til å møta til alle skuletimar. Alt fråvær vert dokumentert på skulen.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta omfattar alle elevar ved grunnskulane i Ullensvang kommune.

§ 3. Innleiande føresegner


Skulen kan gi barnet ditt permisjon frå opplæringa inntil to veker samanhengande.

I grunnskulen i Ullensvang kommune skal det normalt ikkje innvilgast permisjon for meir enn 10 skuledagar per skuleår.

Inntil 1-3 skuledagar (om gongen): Søknad om permisjon sendast inn til kontaktlærer via Visma Flyt skole-appen.

4-10 skuledagar (om gongen): Søknad sendast til rektor via Visma Flyt Skole (ikkje i appen, men ved innlogging).

Hovudregelen er at alt fråvær på ungdomstrinnet skal førast på vitnemålet. For inntil 10 skuledagar per skuleår kan ein elev likevel krevja at



fråvæer ikkje skal førast på vitnemålet. Dette gjeld berre dersom fråværet skuldast helsegrunnar som er dokumentert ved lægeerklæring eller at skulen har innvilga permisjon. For å søkja om å sletta inntil 10 skuledagar med fråvæer frå vitnemålet, tek ein kontakt med skulen, ved rektor.

Når elevar har stort fråvæer kan det føra til at lærar ikkje får tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag.

Elevar som oppheld seg i utlandet i meir enn to veker, skrivast ut frå skulen og inn att når dei kjem attende. Årsaka til dette er at skulen ikkje har ansvar for elevar som oppheld seg i utlandet i meir enn to veker.

Dersom elevar er borte frå opplæringa i lenger tid enn det er innvilga permisjon for, eller blir borte utan innvilga permisjon, er det å rekna som ugyldig fråvæer. Ugyldig fråvæer vert registrert i Visma Flyt Skole-systemet.

§ 4. Vilkår for permisjon frå grunnskoleopplæringa


Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg, sjå opplæringslova § 2-2. Skulen skal slik gjera ei vurdering og må ta stilling til om eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Det som er forsvarleg for ein elev, kan vera uforsvarleg for ein annan. Dersom skulen kjem til at det ikkje er forsvarleg å innvilga permisjon, skal søknaden verta avslått.

Uavhengig av om det er forsvarleg å gi permisjon, har medlemmer av trussamfunn utanfor Den norske kyrkja etter søknad rett til innvilga permisjon for trussamfunnet sine helgedagar. Vilkåret er at foreldra sørgjer for den opplæringa som må til for at eleven skal kunna følgja med på opplæringa når eleven kjem attende til skulen, sjå opplæringslova § 2-2 femte ledd.

I vurderinga av om det er forsvarleg å innvilga permisjon vil det vera relevant å leggja vekt på læringsutbyttet til eleven, kva som skal skje på skulen i permisjonstida og om føresette vil sørgja for eigna opplæring i permisjonstida. I tillegg vil det vurderast kva som er det beste for barnet og kva barnet sjølv meiner.

Retningslinjer for kva for situasjonar der skulen til vanleg ikkje innvilgar permisjon, sjølv om det er forsvarleg:

- A. ved gjennomføring av statlege kartleggingsprøvar i permisjonstida
- B. ved gjennomføring av nasjonale prøvar i permisjonstida
- C. ved gjennomføring av leirskule i permisjonstida
- D. symjeopplæring, dersom eleven ikkje kan symja
- E. ved gjennomføring av heildagsprøvar (ungdomstrinnet)



F. ved førebuingstid- og gjennomføring av eksamen i permisjonstida

Siste halvår på 10. årstrinn er viktig når det gjeld elevane si sluttvurdering i terminen (standpunktkarakter og eksamenskarakter). Dette medfører at det til vanleg ikkje er forsvarleg å gi permisjon over fleire dagar i denne terminen.

§ 5. Handsaming av søknader om permisjon

Søknad om permisjon frå opplæringa sendast til, og svarast ut av kvar einskild skule. Søknad om permisjon skal vera skulen i hende i god tid før permisjonsperioden.

Vedtak ved permisjonssøknad byggjer på skulen si forsvarlegvurdering, skjøn og ei individuell vurdering sett i samanheng med dei føringane som kjem fram i denne forskrifta § 4.

Vedtak om permisjon frå den lovpålagde opplæringa er eit enkeltvedtak, og mynde er delegert til rektor ved den aktuelle skulen. Rektor kan delegera til kontaktlærer å innvilga permisjonar på inntil ein dag.


Rektor skal alltid handsama søknader der det vert gjeve avslag. Ved handsaming av enkeltvedtak skal det føretakast ei individuell vurdering.

Malar for enkeltvedtak og svarbrev ligg i sakshandsamingssystemet Visma Sikker sak skule. Malane som nyttast er *Enkeltvedtak om permisjon - innvilging* og *Enkeltvedtak om permisjon - avslag*.

Dersom heile eller delar av permisjonssøknaden vert avslått skal dette grunngjevast med kvifor fråværet ikkje vert rekna som forsvarleg. Ved avslag på permisjon skal føresette opplysast om klagerett og klagevilkår, sjå forvaltningslova §§ 28, 29 og 30.

§ 6. Klage

Dersom føresette klagar på vedtaket, skal skulen vurderer saka på nytt. Dersom klagen vert gjeven medhald, skal saka handsamast av skulen. Dersom skulen meiner det ikkje er grunnlag for å gi medhald i klagen, sendast saka til sektorleiar for skule, saman med rektor si utgreiing av kvifor klagen ikkje bør få medhald og alle dokument i saka. Dersom oppvekstadministrasjonen støttar skulen si vurdering, vidare sender dei klagen til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.



**Ullensvang
kommune**

§ 7. Informasjon til føresette om forskrifta

Skulane skal informera føresette om gjeldande forskrift om permisjon og fråvær i grunnskulen i Ullensvang kommune, ved oppstart av kvart skuleår. Det skal informerast om at Ullensvang kommune ser det som viktig at elevane deltek i heile opplæringsløpet og at talet på permisjonar frå den pliktige opplæringa skal reduserast til eit minimum. Skulane skal presisera at permisjonssøknadar må sendast i god tid på førehand.

§ 8. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft straks.